

Brattvåg Vassverk SA Årsmelding for 2023

Styret hadde året 2023 slik samansetting:

Styreleiar:	x	Eldar Sæterøy
Nestleiar:	x	Roger Sønderland
Styremedlemmar:		Cathrine Flem Lervåg
		Elin Bjerke
	x	Stig Fjørtoft
	x	Lars Angel Sønderland
Varamedlemmar:	x	Dag Davik
	x	Vivian Maridal
Valnemnd 2021:	x	Hilde Ellingsæter (Leiar)
	x	Ole Petter Årsund
	x	Solveig Bostad

Dagleg leiar:	Nils Kristen Skaar
Beredskapsvakter:	Terje Otterlei
	Harald Johansen
	Einar Rogne

Rekneskap: Sparebank 1 Rekneskapshuset SMN AS

Revisjon: BDO

X = Står på valg.

Generelt.

Forutan årsmøtet, har det i 2023 vore 4 styremøte der, 32 saker har vore handsama.

Koronapandemien med utbrudd som ramma oss i starten av 2020 har satt sine spor med fokus på sårbarheit. Dette har påverka vassverkdrifta også for 2023.

Mattilsynet hadde sitt ganske så omfattande tilsyn den 22.10.23. og det var ingen avvik registrert under tilsynet.

Vassverket har levert vatn til 1265 husvære, 50 kjellar/loftshusvære, 28 andelshavarar som betalar gebyr etter areal og 6 som betalar etter vassmålar. I tillegg er det levert 580 871 m³ vatn til Ålesund kommune gjennom målar på Alvestad. Avtalen mellom tidlegare SaHara IKS vart ikkje formelt overført til Ålesund kommune har vore i ein avventande situasjon fram til nye Haram har satt sin administrasjon. Det har vore kontakt om avtalen, og levert vatn har alltid blitt betalt som forventa.

Vassverket har gjennom året produsert 1 162 861 m³ vatn av god kvalitet.

Inntektene har vore kr. 6 966 210.

Driftskostnader kr. 6 586 155.

Dette året har også gitt ytterligere mindre inntekter, hovudsakeleg på grunn av fjerning av brakkerigg i Vesterheim. Leveranse over målar til Ålesund kommune har vore ganske likt som året før.

Det merkast at kostnader på alle varer til vassverket stig i pris, og ein har styrt svært bevisst for å halde aktiviteten og kostnader så lågt som mogleg.

Behandlingsanlegg.

Behandlingsanlegget har fungert utan store nye utfordringar, og vasskvaliteten er god. Anlegget begynner å vise slitasje, og teknisk utstyr har ei begrensa levetid, så forskjellige komponentar i anlegget blir stadig skifta etter kvart som feil melder seg eller levetida går ut. Tekniske servicer for 2023 er utført etter vedlikehaldsplan.

Høgdebasseng.

Det gamle runde bassenget ved vassverket frå 60-åra er ferdig innvendig og isolert og kledd utvendig. Noko arbeid gjenstår som utbetring av adgangsluke, tilstelling av terrenget rundt og skifte av dør, vindu og kledning på overbygget.

Røyrnett.

Det har ikkje vore leidningsbrot i 2023.

Det er lagt 205 meter ny hovedleidning på Vesterheim i forbindelse med bygging av nytt industribygg (HIAS).

Drifta.

Nils Kristen Skaar har stått for den daglege drifta, og har saman med Terje Otterlei, Harald Johansen og Einar Rogne delt på natt-/helgevakter. Alle har vore involvert i arbeid med reperasjonar og vedlikehald.

Miljø.

Det har ikkje vore arbeidsulykker i 2023.

Vassverket forureinar ikkje det ytre miljø meir enn det som er vanleg for slike selskap.

Vassverket sin vakttelefon: PRI 1. 91 51 22 24 PRI 2. 91 39 78 36
Natt-helgevakt:


Nils Kristen Skaar
Terje Otterlei
Einar Rogne
Harald Johansen

Økonomi.


Rekneskapen er avlagt ut frå føresetnaden om fortsatt drift.

I styret for Brattvåg Vassverk SA


den 11.03.2024



Eldar Sæterøy
Styreleiar



Roger Sønderland
Nestleiar



Cathrine Flem Lervåg




Elin Bjerke



FOR Lars Angel Sønderland



Stig Fjørtoft



Nils Kristen Skaar
Dagleg leiar